



## MØTEBOK FOR JONDAL SOKNERÅD

<b>Møtedato:</b> 22.09.2021	
<b>Sak nr.</b> 33/21,34/21,35/21,36/21,37/21,38/21	<b>Møtestad:</b> Hos Åse Marit
<b>Underskrifter:</b> Protokollen vert underskriven av leiar og lagt fram for godkjenning i neste møte.	
Leiar Anne Røymstad	Nestleiar Åse Marit Jørgensen
Sekretær Karin Utheim Gangdal	Kasserar Ingebjørg Grøtt
Medlem Cecilie S. Stærnes	Medlem Marit Hesvik
Geistleg representant Arne Opsahl Engen	Vara: Maria Eide
<b>Forfall til møtet:</b> Marit Hesvik	

Utskrift sendt til: : Medlemar, 1. vara , tilsette i Jondal Sokn og post@ullenvang.kyrkjer.no  
Kyrkjekontoret sender referat vidare til: Kyrkjeverja, tilsette i soknet og prosten i Hardanger og Voss prosti.

### Meldingar:

- Møte i UKF er utsett til 7/10, derav ikkje noko nytt frå UKF.
- Påminning /oppfordring frå kyrkjetenar om å delta på digitalt allmøte for alle tilsette i kyrkja, 30 min kvar 4. onsdag.
- Klokkartenestar. Per nå manglar me klokkar ein dato 24/10  
Klokkar til gudstenestene ut året:

26/9: Arjen

10/10: Arjen

24.10. ?

7/11. Elisabeth Hessvik

21/11: Arjen

28/11: Arjen

24/12: Arjen

25/12: Arjen

31/12: Arjen, kanskje/er ikkje avklart.

- Ving og Stikk skal etter planen vere på plass igjen i haust. Nye organisering, meir brukarstyrt Stikk innom og ei foreldre gruppe som driv Ving på omgang. Nokre frivillige er og spurt om å stå på ei ringeliste for »stepp inn» ved høve. Diakon Margot Helen er engasjert medspelar.

#### **Informasjon:**

- Orientering om forslag til ny kyrkjeordning v/Arne.

Sidan 2005 har Kyrkjemøtet i Den norske kyrkje hatt som mål å samle arbeidsgjevaransvaret for alle som jobbar lokalt i kyrkja. I mars 2021 leverte Müller-Nilssen utvalet si utredning. Korleis kan kyrkja innrette seg for å sikre ei effektiv, demokratisk og bærekraftig organisering.

I rapporten blir det ma. foreslått at dagens kyrkjelege fellesråd skal bli erstatta av eit felles kyrkjeleg organ på prostinivå, eit Prostifellesråd som ma skal ha arbeidsgjevaransvar for alle som jobbar i kyrkja.

Ullensvang ligg i Hardanger og Voss prosti. Det er forslag om eit kyrkjekontor på Voss, det kan gje både fordeler og ulemper. Sentralisering gjer at det blir større avstand mellom Prostifellesrådet som vil erstatte dagens kyrkjelege fellesråd og sokneråda. Kyrkja er i stor grad finansiert av kommunane, 2 av 3 kroner kjem frå kommunane. Skal det vere ein communal representant i Prostifellesrådet slik det er i dag i det kyrkjelege fellesråd?

Fordeler med ny ordning kan ma. vere meir robuste fagmiljø. Det vil bli brukt mindre tid på administrasjon og byråkrati.

Mange kyrkjelege fellesråd er små, det er mange deltidsstillingar og få tilsette. Det er sårbart og det kan vere vanskeleg å rekruttere fagpersonell og leiarar.

Det er ulikt syn på eit felles arbeidsgjevaransvar. I dag er dei kyrkjelege Fellesråda arbeidsgjevar for dei tilsette i sokna. Prestane har Den Norske kyrkje som arbeidsgjevar. 2 arbeidsgjevarlinjer vil kunne gje mykje dobbeltarbeid. Det er ulik styring på same arbeidsplass. Dei tilsette har ma. ulike regler for arbeid og ferie.

Forslag til ny kyrkjeordning skal ut på høyring. Sokneråda skal gje ein innstilling innan 1. desember. Sokneråda skal få meir og betre orientering på eit fellesmøte Odda.

Nedanfor føl sakene som skal til handsaming i møtet.

**Saker:**

**33/21 Godkjenning av innkalling og saksliste**

**34/21 Godkjenning av protokoll frå møtet den 23.08.21**

**35/21 Presentasjon av ny diakoniplan ved diakoniutvalet.**

**36/21 Ny rutine vedr. kollekt /innsamling og vidare overføring av pengane.**

**37/21 Søknad om ofring i Gudsteneste.**

**38/21 Eventuelt**

**Sak 33/21 Godkjenning av innkalling**

**Vedtak:**

Innkalling til møtet den 22.09.21 vart samrøystes godkjent.

**Sak 34/21 Godkjenning av protokoll**

**Vedtak:**

Protokoll/ møtebok frå møtet den 23.08.21 vart samrøystes godkjent.

**Sak 35/21 Presentasjon av revidert Diakoniplan v/diakoniutvalet**

**Kort utgreiing om saka:**

Diakoniutvalet hadde samling med Diakon sist veke og fekk utarbeida eit forslag til ny plan. Forslaget til ny diakoniplan er ikkje heilt klart. Det blir sak på neste soknerådsmøte.

**Forslag til Vedtak:**

Forslag til ny diakoniplan blir sak på neste soknerådsmøte

**Vedtak**

Samrøystes vedtatt.

**Sak 36/21.Forslag til nye rutinar for oppbevaring /vidaresending av offergåver .****Kort utgreiing om saka:**

Kollekt er samla inn på følgjande måte, med Vipps eller pengar lagt i urne ved utgangen.

Pengane som kjem i urna ved utgangen må teljast opp.

Det er klokkar/kyrkjetenar og kyrkjevert som pleier telje. Pengane blir lagt i pose som blir merka med dato og kven pengane skal til . Kvittering. Før har kyrkjetenar ført det inn i Nokas og lagt pengane i nattsafen på Coop.

Nattsafen blei borte i vår og føring/sending til Nokas gjekk ut for det var ingen stader å «droppe» pengane.

**Forslag til ny rutine:**

Klokkar/kyrkjetenar og kyrkjevert tel opp pengane saman. Det skal alltid vere 2 til stades når dette blir gjort. Ferdiglaga skjema skal fyljast ut og signerast. Skjema og pengane skal leggjast i ein konvolutt. På skjemaet skal der stå sum og kva pengane skal gå til. Konvolutten skal leggjast i safen i kyrkja. Det skal vere to til stades når pengane blir lagt i/tatt ut av safen. Kasserar og soknerådsleiar hentar ut pengane frå safen ca. ein gong pr. månad slik at ein får pengane inn i rekneskapen og sendt pengane til mottakar. Kasserar set inn pengane på Spar Jondal med bedriftsbankkort. Informere vidare til tilsette i Soknet.

**Forslag til vedtak:**

Vedta ny rutine.

**Vedtak:**

Forslag til ny rutine samrøystes vedtatt

**Sak 37/21. Søknad om ofring i gudsteneste****Kort utgreiing om saka:**

Det er kome fleire søknadar om offer. Saka er utsett grunna tidsmangel. Den tas oppatt på neste møte.

**Sak 38/21 . Eventuelt**

- **Soknemøte 7/11.Kyrkjekaffe- kven kan vera med? Kven gjer kva?**

Anne undersøker om det kan lagast mat eller om ein skal bestille noko.

- **Juleverkstad med Solstråla – fastsette dato- kven er med?**

Anne spør Anne Karin om datoar som høver. Forslag til dato. Ein tysdag i november, Anne finn ut av det til neste møte.

- **Trosopplæring – Tripp Trapp pakker jmf. Utne . Aktuelt for oss?**

Utne sokneråd gjev barn eit Tripp-trapp abonnement. Inngår som ein del av trosopplæringa. Anne undersøker litt rundt eit slikt abonnement.

- **Det er laga eit forslag til offerliste for haust 2021.**

12/9: Himalpartner.

26/9: NMS-Norske misjonsselskap

10/10: Blå kors

24/10: Kirkens Bymisjon

7/11: KRIK/ kristen idrettskontakt.

21/11: Misjon utan grenser

28/11: Kyrkjelydsarbeid

24/12: Kirkens Nødhjelp

25/12: Sjømannskyrkja

31/12: Evangeliesenteret,

**Vedtak:** Forslag til offerliste samrøystes vedtatt,